




NR. 1

JANUAR 2002

35.ÅRG.

## Kyrkjekontora på flyttefot

Se side 4-5



Sokneprest Kjell Nese på sitt nye kontor i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.



Kr. Openberringsdag.  
Tekst Joh. 17,1-8.

## På nikk med Vårherre

**P**å Øyrane treff du alltid kjentfolk. Når du er lei av å sitte inne, kan du å ta ein tur dit. Det er godt å møte menneske. Kanskje det oftast vert eit nikk i forbifarten på Øyrane, eit hei!

**D**et er bra å ha slike møtestader der ein møter eit smil og eit nikk. Men kva veit vi eigentleg om kvarandre? Det er ikkje sikkert ein er særleg involvert i kvarandres liv.

Av og til vert det ein lang prat. Du møter menneske du er godt kjent med. Då har ein mykje å snakke om. Det er om felles opplevingar og erfaringar. Vi omgåast til stadigheit, deler med kvarandre.

**S**lik kan det vera i forholdet til Jesus og. Ein kan vera meir på nikk i forbifarten, men ein kan vera godt kjent. Å ha kunnskap om han er ein ting. Å ha lært om han, og kunne

truvedkjenninga utanboks. Dette handlar om hovudet. Ein annan ting er å kjenne han, vera fortruleg med han. Det handlar om hjarta.

«Det er det evigelivet at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus».

Det er eitt fellesskap, og eit kjennskap som gjev meir enn vi fattar.

Jesus har makt til å gje evig liv. Hans makt er ikkje mekanisk tvang, men skapande makt til å gje evig liv. Kjernen i denne kjennskapen er kjærleiken.

**D**et er godt å ha gode vener og nære pårørande som ein kjenner godt. Det er ein føresetnad for eit fullverdig liv. Men ikkje noko fellesskap gjev meir enn fellesskapen med Jesus. Å kjenne Jesus er det evige livet.

God helg!

## Samling for dåpskontaktar i Ytre Arna



**S**øndag 20.januar hadde dåpsutvalet i Ytre Arna samla alle dåpskontaktane til kyrkjekaffi i Ytre Arna kyrkjelydshus. Dette er ein årlig samankomst der dåpskontaktane får utlevert materiell for året som kjem. Det var og høve til å stilla spørsmål, og å peika på ting som ein opplevde som positivt eller som ein meinte ikkje var så bra. Steinar Oppheim innleia med å minna om kor viktig dette utadretta arbeidet er og peikte på ein del ting som han meinte er viktig for dette arbeidet.

Det vart bede for kvar dåpskontakt. Arbeidet med dåpskontaktar er ein del av oppgåva til dåpsutvalet i Ytre Arna.



Dåpsutvalet har ansvar for arbeid blant barn frå dei vert døypte til dei er ferdige med 2.klasse.

Utvalet er slik samansett:  
Grethe Haugland (leder), Gunn Gaupas, Marit Austnes, Bodil Havneraas og ein frå soknerådet (er ennå ikkje oppnemnt)  
Benthe Vevle Birkeland har permisjon  
Dei tre første er med på biletet.

Grethe Haugland seier at dei ønskjer fleire dåpskontaktar. Å vera dåpskontakt inneber at ein får ansvar for å gå med dåphelsing til eit, to, eller tre barn på 1, 2 og 3 årsdagen for dåpen. I Ytre Arna er det i dag 42 dåpskontaktar.

Dåpsutvalet har i tillegg til dåpskontaktane, ansvar for ei gudsteneste der 4-åringane får utdelt "Mi kyrkjebok", og ei eiga samling for dei seinare same året.

Ei samling for 5-åringar. (mars)  
Ei gudsteneste for 1.klassingane, og ei for 2.klasse.

Nyinnflytta familiar med born blir bedne om å gje melding til kyrkjekontoret eller direkte til Grethe Haugland (tlf.55247034), dersom dei ynskjer at deira born skal være ein del av dåpsutvalet sitt arbeid.

**Vi ynskjer at mange vil vera med å be for dette viktige arbeidet!**

# Kyrkjekontora er flytta til Kyrkjelydshuset i Indre Arna

*Kyrkjekontora i Indre Arna og Ytre Arna er no flytta inn i underetasjen i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.*

**S**taben synest dette er ein veldig god løysing. Dei får eit mykje tettare samarbeid og kan utfylla kvarandre betre. Kontortida er også utvida som ein følge av dette. Den er no frå klokken 09 til 14 mandag til fredag.

Kontorfunksjonen til Arna og Ytre Arna sokn er no slått saman. Alle telefonhenvendelser må no skje til telefon

55 24 04 00 når det gjeld kyrklelege handlingar og andre spørsmål. Det ?gamle? telefonnummeret til Ytre Arna kyrkjekontor kan bare brukast til å kontakta kyrkjetenar Sylvi Sæle eller kantor Siri Brunvoll. Desse to har framleis kontor i Ytre Arna.

Det er også slik at dåpssamtalane framleis skal haldast i Ytre Arna for dei som skal ha dåp i Ytre Arna kyrkje.

## Dugnad

For å få til flyttinga frå Borgstova og frå

Ytre Arna har det vore utført eit stort dagnadsarbeid i underetasjen i Kyrkjelydshuset i Indre Arna. Sverre Myklebust og Einar Gjerde har måla dei nye kontora.

Staben har også hatt mykje arbeid i samband med flyttinga.

## Kreativt

Kontormøblane er skaffa på ein kreativ måte som har gitt økonomiske stønad til kyrka sitt ungdomsarbeid i Arna. Storebrand Forsikring har gitt møblane gratis medan Bergen kyrklelege fellesråd har betalt ein sum for dei. Desse pengane er så gått til ungdomsarbeidet. Svein Inge Myhr er mannen bak dette opplegget. Han har også ved hjelp av Atle Vieskrud saman møblane og

funnet gode kontorløysinger. Dei to har også saman med Malvin Klementsen hjulpet til med å flytta møblar og utstyr frå Borgstova til Kyrkjelydshuset.



Inngangen til det nye kyrkjekontoret for Arna og Ytre Arna er frå parkeringsplassen på vestsiden av Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

## HOLDE MÅLTID

Se, jeg står for døren og banker. Om noen hører min røst og åpner døren, da vil jeg gå inn til ham og holde måltid, meg med ham og han med meg.

Johannes åpenbaring 3,20

## RIK NOK

For her er det ikke forskjell på jøde og greker. Alle har den samme Herre, og han er rik nok for alle som påkaller ham. Hver den som påkaller Herrens navn, skal bli frelst.

Paulus brev til romerne, 10, 11-13

## Korsong

Kan du tenke deg å syngje i kor? Då er du velkommen til oss. Vi øver kvar tysdag i Ytre Arna kyrkje kl. 19.30 til 21.30. NB! Ingen øvingar i februar.

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

## Ytre Arna Barne- og Ungdomskor

Vi tek fri i februar frå 5. til og med 28. februar. Frå 5. mars startar vi opp igjen og ynskjer nye og gamle medlemer velkommen.



# BRUK LYSGLOBEN

Det er i de senere år blitt svært vanlig å bruke lysglober i kirkene våre. Vi finner dem her i Arna, og vi finner dem i mange andre kirkehus. En lysglobe er formet som Jordkloden. Lysene står etter hverandre i en sirkel, og midt inne i sirkelen er det et stort lys. Dette lyset er et symbol på Kristus, og de andre lysene i globen blir tent fra dette store lyset. Det å tenne lys i kirken er en gammel tradisjon, men hvordan skal vi bruke en lysglobe? Siden lysgloben er forholdsvis ny i våre kirker, så er det kanskje noen som er usikker på når en kan tenne et lys i en lysglobe.

En slik lysglobe kan brukes i forskjellige sammenhenger. Du kan tenne et lys i globen for å minnes en person som du vil be for. Når du f. eks. kommer fram til nattverdbordet, kan du gå bort til lysgloben og tenne et lys. Eller du kan tenne lyset i globen når du er på vei tilbake fra nattverdbordet. Når du går fram til alteret for å legge ditt offer på alterbordet, kan du også tenne et lys. Du har også muligheten til å tenne et lys i globen når du er på vei tilbake til din plass etter at du har gitt ditt offer. Når du kommer inn i kirken



Av  
TRYGVE JOHANSEN


før gudstjenesten begynner, kan du også gå til globen og tenne et lys. Det gjelder å finne et tidspunkt som du synes passer best for deg. Det viktigste er ikke når du kan tenne et lys, men at du tener det for et annet menneske. Når du gjør det, så har du mulighet til å tenke på en annen og be for dette menneske.

I en begravelse så kan du også tenne et lys i globen for å minnes den døde. Dette gjelder særlig for de nærmeste i familien, men også andre som gjerne vil minnes den døde kan tenne et lys.

En lysglobe kan også brukes i en liturgisk sammenheng. Den kan brukes i en lysmesse. Og den kan brukes i Ung Messe f. eks. i forbindelse med en forbønn. I en slik sammenheng kan presten gjøre en avtale med en ungdom å tenne et lys etter de forskjellige bønneledd i forbønnen.

Vi vil gjerne at mennesker skal bruke lysglobene i kirkene våre. Hvis du ellers har spørsmål om det å tenne et lys i globen, så kan du kontakte forrettende prest eller kirketjener for å

# Borna sin misjonsdag i Arna kyrkje søndag 3. februar



Soknepresten talar.  
Søndagsskulen dannar flaggborg, og Barnerøster syng.  
Kyrkebrus i kyrkjeldshuset etter gudstjenesta.

Kl.16.00 same dag vert det Misjonskafe i Trengereid bedehus.  
Søndagsskulen er arrangør.

ALLE ER VELKOMNE!

## KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG FREDAG 1.MARS



Samvær i Arna Kyrkje kl.18.00



Denne svære bøneringen av kvinner  
famnar over store delar av verda.

Det starta i 1887, og i dag er 170 land og regionar med.  
Programmet i år har kvinner i Romania laga.  
Gåva går til kristen litteratur og kasettar i Romania.

*Kom og vær med i Arna Kyrkje!*



## VIL DU LYTTE?

Kirkens SOS starter nytt innføringskurs for frivillige medarbeidere. Kurset går over 10 torsdagskvelder.  
Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.  
For å bli medarbeider må du være 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeideren skal ikke finne løsninger eller «godte råd.»

**Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste!**  
**Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 90 53 23 20 kveld og helg.**

## Velkommen til vinter-/påskeleir 2002 i Sætervika



### VINTERLEIR

1. 22.-25. februar	10-13 år	kr. 505,-
2. 25.-28. februar	10-12 år	kr. 505,-
3. 28/2-3. mars	9-12 år	kr. 505,-


### PÅSKELEIR

1. 22.-26. mars	6.-10. klasse	kr. 680,-
2. 27/3-1. april	Kretsungdomskorets påskeleir.	Be om eige program.

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Ellers vert det leik, spel, skiturar til Kvamskogen m.m.

### Påmelding/nærmare opplysningar:

Norsk Lutherisk Misjonssamband  
Sydneskleiven 22  
5010 Bergen  
Tlf.: 55 90 48 00. Fax: 55 90 48 10  
E-post: post@bergen.nlm.no



# Hvorfor går jeg i kirken?

Av ELI MOHN

Når jeg skal forme svaret på dette spørsmålet, må jeg tenke over hva det er som skjer i gudstjenesten.

Når jeg går inn i kirken til gudstjeneste, møter jeg noe hellig og opphøyet. Det gjør meg ydmyk og åpen for det som skal skje. Samtidig kjenner jeg at her er jeg hjemme, her er det godt å være!

I mer enn 50 år har jeg gått jevnlig i kirken om søndagen. Det er mange ledd i gudstjenesten, som alle betyr noe for meg, gjør meg glad.

Orgelspillet hjelper meg til å åpne sinnet. For meg som ikke er noen «solosanger» er det flott å få synge med av hjertets lyst. Tekstene til salmene er fylt av livsvisdom og gir alltid grunn til refleksjon.

Noe av det første vi blir oppfordret til er å «bøye oss for Gud og bekjenne våre synder». Det er godt å få starte slik, legge fra meg det som tynger og så bli med i takk og lovsang. Det er befridende og sunt for sjelen.

Tekstlesingen og prekenen gir en fornyelse i troslivet. Da jeg som ung begynte å gå i kirken, betød

prekenen mer enn alt annet i gudstjenesten for meg. Nå betyr de andre leddene like mye.

Kirkebønnen omfatter de vesentligste sider ved livet. Samtidig som jeg er med på å legge alt vi ber om i Guds varetekts, så kan det også engasjere meg og vekke meg til selv å gjøre noe.

Trosbekjennelsen gir meg en kjensle av fellesskap, og når jeg selv sier denne høyt, blir jeg styrket i troen på at dette mener jeg. Det svekker tvilen når den ligger på lur. Skal jeg fremheve ett av leddene i gudstjenesten, må det være nattverden. I den opplever jeg å være ett med Kristus og får del i Guds kjærighet til oss mennesker ved å gi oss sin sønn med tilgivelse og evig liv. Her er vi helt ulike mennesker i et fellesskap.

Sammen tar vi også imot velsignelsen og oppfordringen til å «Gå i fred og tjene Herren med GLEDE!»

## FASTE

*Slik er fasten som jeg vil ha:  
at du løslater dem som med urett er lenket,  
sprenger båndene i åket  
og setter de undertrykte fri,  
ja, bryter hvert åk i stykker,  
at du deler ditt brød med dem som sulter,  
og lar hjemløse stakkarer komme i hus,  
at du sørger for klær når du ser en naken,  
og ikke svikter dine egne.  
Da skal ditt lys bryte fram  
som når dagen gryr,  
dine sår skal snart leges og gro.  
Din rettferd skal gå foran deg  
og Herrens herlighet følge etter deg.*

Profeten Jesaja 58, 6-8

# KYRKJESKYSS



## TUNES/GARNES

- 03.02.: Per Vie .....tlf. 55 24 07 26  
10.02.: Malvin Klementsen tlf. 55 24 29 56  
17.02.: Ragnar Aabrekkt .....tlf. 55 24 25 27  
24.02.: Leidulf Almenning tlf. 55 24 25 52  
03.03.: Kari Claussen .....tlf. 55 24 12 20  
10.03.: Per Vie  
7.03.: Malvin Klementsen  
24.03.: Ragnar Aabrekkt

## ARNATVEIT/INDRE ARNA/ YTRE ARNA-VEGEN

- 03.02.: Odd Kjos .....tlf. 55 24 17 82  
10.02.: Per Eide .....tlf. 55 24 15 15  
17.02.: Jostein Monstad ....tlf. 55 24 32 20

- 24.02.: Arne Håøy .....tlf. 55 24 03 26  
03.03.: Gunnar Kaaren .....tlf. 55 24 02 41  
10.03.: Odd Kjos  
17.03.: Per Eide  
24.03.: Jostein Monstad

## HAUKELAND/UNNELAND

- 03.02.: Ingrid Hope .....tlf. 55 9501 11  
10.02.: Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43  
17.02.: Oddmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76  
24.02.: Sverre Myklebust ..tlf. 55 24 29 05  
03.02.: Ingrid Hope  
10.03.: Jens Hauge  
17.03.: Oddmund Skjoldal  
24.03.: Sverre Myklebust

## Program for søndagsskolene

Dato	Gudstj.type	Søndagsskoleansvarlig	Tlf. priv.	Merknad
søn 13. jan 2002	1.s.e.Kr. åp. Vingårdssøndage	Familiegudstjeneste	INGEN	
søn 20. jan 2002	Høymesse	Erling Johannes		
søn 27. jan 2002	Såmannssøndag	Erling Johannes		
søn 3. feb 2002	Høymesse Kristi forklarelsesdag	Familiegudstjeneste	INGEN	Barnas misjons-søndag. S-skolen deltar
søn 10. feb 2002	Søndag før faste			
søn 17. feb 2002	Høymesse 1. s. i faste	Elisabeth		
søn 24. feb 2002	Høymesse 2. s. i fast	Elisabeth		Vinterferie - ingen
søn 3. mar 2002	3.s. i faste	Høymesse		Vinterferie - ingen
søn 10. mar 2002	4.s. i faste	Astrid/Merete		
søn 17. mar 2002	Høymesse Maria budskapsdag	Familiegudstjeneste	INGEN	
søn 24. mar 2002	Høymesse Palmesøndag		INGEN	
tor 28. mar 2002	Skjærtorsdag	Høymesse	INGEN	
fre 29. mar 2002	Langfredag	Høymesse	INGEN	
søn 31. mar 2002	Påskedag	Høgtidsgudstjenest	INGEN	

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 02.12.01.: Christoffer Karlsen, Lars Kristian Lerås Furhovde, Thorstein Mjelstad, Ine Bruvik Opdal, Vilde Søgnestrand  
16.12.01.: Eirik Kvamme, Kine Elin Austgarden, Åse Iren Angell, Tonje Svanevik, Lill Engeseth Andersen  
26.12.01.: Stine Gjøsæter Hausvik  
06.01.02.: Kristoffer Ågotnes Steffensen  
13.01.02.: Mathias Eikefet Dallas, Sebastian Vevang Hasti

### Ytre Arna sokn:

- 28.10.01.: Tomine Haugland

## Døde

### Arna sokn:

- 29.11.01: Jens Mjelde  
30.11.01: Anna Elida Haukeland  
01.12.01.: Reidar Larsen  
03.12.01: Borghild Larsen  
10.12.01.: Einar Sverre Ytrearne  
19.12.01.: Margit Boge

## Ytre Arna sokn:

- 06.12.01.: Leif Leknesund  
14.12.01.: Tormod Pettersen  
17.11.01.: Aslaug Aasheim  
12.11.01.: Berta Fosse

## Vigde

### Arna sokn:

- 20.10.01.: Kathy Irene Mikkelsen og Trond Jargren, Hammalgrø  
01.12.01.: Janne Kristine Orvedal og Sondre Rise, Hamre kirke  
21.12.01.: Carolina Falck Mercadal og Erik Bontvedt, Slettebakken kirke

### Ytre Arna sokn:

- 05.01.02.: Bente Fylkesnes og Terje Mellingen

## Ofringar

### Arna sokn:

- 02.12.01.: Dåpsopplæringsutv. kr.4.972,50  
09.12.01.: Kyrkjelydsarbeidet ..kr.3.796,00  
16.12.01.: Normisjon .....kr.2.853,00  
23.12.01.: Barne- og Ungdomsprosj. .....kr.2.985,50

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktør:** Audun Stølås.

**Redaksjonsnemnd:** Asbjørn Åsgård, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.  
Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

- 24.12.01.: Kirkens Nödhjelp....kr.3.723,00  
24.12.01.: Kirkens Nödhjelp....kr.9.460,50  
24.12.01.: Kirkens Nödhjelp....kr.8.011,00  
24.12.01.: Kirkens Nödhjelp....kr.8.883,00  
25.12.01.: NMS .....kr.5.318,00  
26.12.01.: Krik .....kr.3.292,00  
30.12.01.: IKO .....kr.2.625,00  
01.01.02.: KIA interkulturelt arbeid .....kr.1.871,50  
06.01.02.: Normisjon .....kr.7.695,00  
13.01.02.: Barne- og Ungdomsprosj. .....kr.3.730,00


### Ytre Arna sokn:

- 02.12.01.: IKO .....kr.2.125,00  
09.12.01.: Konfirmantarb. ....kr.1.190,00  
24.12.01.: Kirkens Nödhjelp ..kr.8.703,00  
25.12.01.: Det norske Misjonsselskap .....kr.2.057,50  
06.01.02.: Israelsmisjonen .....kr. 974,00

## Neste nummer

Neste nummer av Kyrkjelydsblad for Arna utkommer **13. mars**.

På grunn av vinterferien er stoffristen satt til **19. februar**.



## ARNA PRESTEGJELD

**Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen.** E-mail: [arna.menighet@bfk.no](mailto:arna.menighet@bfk.no)  
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.  
**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kantor i Ytre Arna, Siri Brunvoll og kyrkjetenar i Ytre Arna, **Sylvi Sæle** har kontor i Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna. Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Prestegården, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

**Administrasjonsleiar**  
Berte Marie Ulveseter  
Kjelånæ 71, 5264 Garnes  
Tlf. 55 53 00 26

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kateket Liv Amundsen**  
Flaktveitsvingane 11, 5135 Flaktveit  
Tlf. 55 19 54 64

**Kyrkjetenar Arna**  
Jarle A. Sandvik  
Tlf. 55 24 04 00

**Sivilarbeidar Bjarte Abildgaard**  
Garnesrenen 3, 5264 Garnes  
Tlf. 55 24 23 07

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Benthe Vevle Birkeland  
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sylvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



**SAMDALS** **55 90 19 80 hele døgnet**

\_\_\_\_\_ BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland - M. Hamre

as **Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

## **Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ**

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØRERKORT KL. B



- Fornøyde kunder
- Trygge sjåfører

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33

• ERIK  
STEPHANSEN  
TRAFIKKSKOLE  
• . . .

HVORDAN HAR DU DET  
egentlig?



**Kirkens SOS 815 33 300**

ET Menneske å snakke med når livet er som verst

*Frøydis*  
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40  
Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir  
tryghet  
10 % for pensjonister alle dager.

Kranser, buketter,  
oppsatser

**TLF. 55 24 08 09**

*Øspeland Gartneri*

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

Din lokale  
storbanks  
i Arna!

**KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennar,  
også TV 2.

**Litangen  
Husholdningsservice,  
Garnes  
Telefon 55 24 02 87**

# ***Velkommen til kyrkje***

- 03.02.** *Kristi Forklæringsdag – Joh. 17,1-8*  
**Arna kl. 11.00.** BORNAS MISJONSSØNDAG. Familiegudsteneste.  
Kjell Nese. Dåp. Song av Barnerøster. Offer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Bornas misjonssøndag.  
Trygve Johansen. Offer til Det norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.
- 10.02.** *Sundag før faste – Joh. 12, 24-33*  
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Besøk m/songinnslag  
frå Kongshaug. Offer til Kongshaug.  
**Arna kl. 17.00.** KONSERT. Framføring av Draumekvedet.  
Postens Damekor.  
**Trengereid kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Olav Vikse.  
Offer til Bibelmisjonen.
- 13.02.** *Askeonsdag.*  
**Arna kl. 19.30.** Fastegudsteneste. Trygve Johansen.
- 17.02.** *1.s. i faste – Ef. 6,10-18*  
**Arna kl. 11.00.** Olav Vikse. Ung messe. Dåp. Offer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Offer.  
**Takvam kl. 15.00.** Kjell Nese. Dåp. Årsmøte i nemnda.
- 24.02.** *2.s. i faste – Luk. 7,36-50*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Offer.  
**Ytre Arna kl. 17.00.** Trygve Johansen og ungdomsarbeider  
Christian Skoge. Nattverd. Ungdomskoret. Offer Ytre Arna  
bedehus sitt ungdomsarbeid. Kyrkjekaffi og foreldremøte for  
konfirmasjonsforeldre.
- 28.02.** **Betania kl. 19.30.** Fastegudsteneste.
- 03.03.** *3.s. i faste – Luk. 4,31-37*  
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Offer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Offer.
- 10.03.** *4.s. i faste – 2. Moseb. 16,11-18*  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Offer.  
**Trengereid kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Trygve Johansen.  
Offer til IKO.